


KOMMUNEPLAN

MÅL- OG STRATEGIAR



LÆRDAL KOMMUNE
1999-2010



INNLEIING

Planprosess	3
Lærdal kommune	3
Historisk tilbakeblikk	4
I. SENTRALE RAMMEVILKÅR	5
II. KOMMUNALE RAMMEVILKÅR	6
2.1 Folketal	6
2.2 Kommunal økonomi	7
2.3 Nye veg- og ferjesamband	10
2.4 Regionalt samarbeid	11
III. SATSINGSOMRÅDE I PLANEN	12
3.1 Næringsliv	12
3.2 Natur, miljøvern og arealbruk	13
3.3 Utbyggingsmønster og tettstadsutvikling	15
3.4 Kommunal tenesteyting	16
IV. KOMMUNEN SOM ORGANISASJON	17
4.1 Organisering	17
4.2 Personalarbeid	19
4.3 Helse-, miljø og tryggleik	19
4.4 Beredskap	19
4.5 Informasjonsteknologi	20
V. MÅL- OG STRATEGIAR	21
5.1 Næringsliv	21
5.2 Natur, miljøvern og arealbruk	22
5.3 Utbyggingsmønster og tettstadsutvikling	23
5.4 Kommunal tenesteyting	24
5.5 Kommunen som organisasjon	25
5.6 Kommunal økonomi	26
VI. VEDLEGG	
Notat frå: Helse- og sosialsjef	
Teknisk sjef	
Nærings- og kultursjef	
Oppvekstsjef	
Organisasjonskart	

INNLEIING

Planprosess

Gjeldande kommuneplan i Lærdal kommune består av langsiktige mål og retningslinjer vedteken i 1989, og arealdel vedteken i 1991, ajourført i 1995. Revidering av planen har vorte noko seinka grunna konsekvensutgreiing om ny stamveg gjennom kommunen.

I februar -98 vedtok kommunestyret å setja i gang arbeidet med å revidere planen (k- sak 98/5). I etterkant vart det halde temadag i kommunestyret om planarbeidet. Formannskapet vedtok i ettertid (sak 98/58) framdriftsplan for arbeidet og viktige satsingsområde i planen. Viktige tema i planen vart bestemt til å vera; næringsutvikling, arealbruk, -då spesielt busetnadsutvikling, ivaretaking av natur- og miljø, og kommunen som tenesteproducent. Som grunnlag for formannskapet sitt arbeid med mål og retningslinjer vart det utarbeida eit problemnotat frå dei ulike etatane, desse er lagt ved som vedlegg.

Lærdal kommune

Lærdal kommune ligg inst i Sognefjorden og kommunen grensar opp til kommunane Vang, Hemsedal, Ål, Hol, Aurland og Årdal. I fjorden grensar kommunen mot Sogndal, Luster og Vik. Kommunen har per 1. januar 1999 2218 innbyggjarar. Av desse er omlag halvparten busett i kommunesenteret på Lærdalsøyri (sjå kart).




Fig. 1 Oversiktskart over Lærdal kommune.

Kommunikasjonsmessig ligg Lærdal midt i Sør- Noreg med ferjefri veg til Oslo og Lillehammer. Når fjellvegen mellom Aurland og Lærdal er open, er det ferjefri veg også til Bergen. Om vinteren må ein ta ferje mellom Lærdal og Gudvangen for å køyre til Bergen. Statens vegvesen er for tida i gang med å byggje tunnel mellom Aurland og Lærdal, som er ein ny parsell av E-16 mellom Oslo og Bergen. Når denne veggen er ferdig i år 2000, vil det bli heilårsveg til Bergen. Denne tunnelen vil verte verdas lengste vegtunnel med sine 24,5 km.

Kommunen har store natur-, og kulturverdiar. Sentralt her er m.a. dei store fjellområda, Lærdalselvi, den freda trehus- busetnaden på Lærdalsøyri, dei gamle vegane, og Borgund stavkyrkje.

I 1992 vart Frønningen innlemma i Lærdal kommune. Frønningen er eit mindre grendesamfunn, med store utmarksressursar, der skogbruk og reiseliv er dei viktigaste næringsgreinene. Frønningen er avhengig av gode kommunikasjonar på fjorden då det ikkje er vegsamband til grenda.

Historisk tilbakeblikk

Lærdalsøyri har opp gjennom tidene vore eit viktig knutepunkt mellom aust og vest. Lærdal låg lagleg til både for Valdres og Hallingdal, men og for bygdene i Sogn, og Bergen. Dette førte til utvikling av ein aktiv handel på Lærdalsøyri. Det fanst gjestgjevarstover, krambuer og stover med handverkarar av ulike slag. Ei årleg hending knytt til handel var Lærdalsmarknaden som var i gang alt i det 16. århundre. Her kom folk austfrå å selde kjøt, skinn og ulike jordbruksvarer, medan dei handla med seg heim att m.a. fisk, korn og salt. Sogningane fekk selt fisken sin, og omsette ulike jordbruksvarer. På denne tida var det og dyreskue, og handel med husdyr var òg viktig. Utetter på 1800- talet var det ei sterk vekst i folketalet, og handelsstaden på Lærdalsøyri utvikla seg sterkt. På denne tida gjekk difor debatten sterkt om Lærdalsøyri skulle få bystatus.

At Lærdalsdalføret var, og er ein viktig ferdselsrute mellom aust- og vestland vitnar dei mange veganlegga om. Ein kan nemne Kongevegen over Filefjell med Sverrestigen og Vindhellavegen, Den Bergenske hovudveg med veggen over Seltåsen og Steineåsen og no til sist arbeidet med ny stamveg gjennom dalen.

Næringsmessig har jordbruket vore viktig. Gardane var tidlegare i hovudsak lokaliserte på terrassar og elles i god avstand frå elvi. På 1860- talet tok forbyggingsarbeidet til, og heilt til i dag er det laga kraftige forbygningar mot elvi. Oppdyrking av elveslettene tok til, og ein fekk etter kvart flate og lett drivne gardar. Dei mindre husmannsplassane vart etter kvart fråflytta. Dei store fjellområda gav gode beite for husdyra, og jakt og fiske var viktig.

Laksefisket i Lærdalselvi har vore med å gje bygdi sitt særpreg. Spesielt etter 1850- talet då sportsfisket gjorde sitt inntog. Fisket trekte sportsfiskarar til bygdi, men og turisttrafikk generelt. Elvi vart ei viktig inntektskjelde både for elveeigarar, men og for bygdi elles.

I. SENTRALE RAMMEVILKÅR

I lovverket er det sett krav om at alle kommunar skal utarbeide ein kommuneplan der kommunen sine langsiktige mål og arbeidsstrategiar er prioriterte. Planen skal gjelde kommunen som samfunn og som organisasjon. Den framtidige arealbruken skal vere avklara i arealdelen som er juridisk bindande. Det er vidare eit krav om at kommuneplanen skal takast opp til vurdering kvar valperiode for å vurdere om det er nødvendig å gjere endringar.

Rundskrivet "Nasjonale mål for fylkes- og kommuneplanlegginga" (T-2/98) gjev ei samla oversikt over kva nasjonale utfordringar som regjeringa forventar kommunane skal vidareføre i kommuneplanlegginga. Rundskrivet omhandlar tema innan kommuneplanlegging, berekraftig utvikling og ressursforvaltning, livskvalitet og velferd, kultur, utdanning og forskning, og nærings- og arbeidsliv.

I skrevet vert m.a. desse tilhøva påpeika at; Innan kommuneplanlegginga vil det bli stilt klarare krav til kommunane om å revidere planane i høve til nasjonale mål, ny kunnskap, nye regionale føringar og ikkje minst nye lokale behov. Vidare vert arbeidet med Agenda 21 understreka som viktig ved kommuneplanlegginga, dette vil seie prosessar for ei berekraftig utvikling. Viktige omsyn ved dette er:

- Langtidsperspektiv i planlegginga
- Globalt perspektiv på lokale tiltak
- Kretsløpstenking
- Brei folkeleg deltaking
- Tverrfaglegheit, heilheitsperspektiv og livskvalitet

Fleire stortingsmeldingar er omtala som viktige i rundskrivet; Stortingsmelding om miljøvernpolitikk for ei berekraftig utvikling (nr. 58, 96-97), og Stortingsmelding om regional planlegging og arealpolitikk (nr. 29, 96-97). I den førstnemnde vert det lagt vekt på biologisk mangfald, reduksjon av klimagassar, og redusert bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Den andre vektlegg omsynet til jordvern, utbyggingspolitikk og transportsystem, estetikk og landskapsbilete, og omsynet til funksjonshemma.

Fylkesplan 1997-2000 har hovudmålsetjinga "Livskvalitet i Sogn og Fjordane". Planen er retningsgjevande for kommunal planlegging. Planen legg føringar på viktige område som mellom anna; førebygging, barn og unge, miljøvern, nærmiljøpolitikk og utforming av det fysiske miljøet. Kommunane skal ha ei viktig rolle i oppfølging av planen.


II. KOMMUNALE RAMMEVILKÅR

2.1 Folketal


Folketalet i kommunen er forholdsvis stabilt. Folketalet per 1. januar 1999 (2218 stk.) er omlag det same som i 1980 (2224 stk.). Det var ei viss nedgang i folketalet frå 1980 til 1990. Frå 1990 til og med 1996 gjekk folketalet noko opp (fødselsoverskot og tilflytting). Noko av auken skuldast òg at Frønningen vart ein del av kommunen i 1992. I -97, -98 og -99 har folketalet gått ned (med 43 personar). Det er auka fråflytting som har gjort at folketalet har gått ned dei tre siste åra. Antall fødte og døde er relativt stabilt.

Dersom me ser på folketalet sidan århundreskiftet har tal innbyggjarar vorte redusert. Sidan 1920- talet og fram til i dag har det likevel ikkje vore store endringar.

Folketal 1980-1999




Folketal 1900- 1999




Innan kommunen har det vore ei viss sentralisering. Det har vore ei auke i folketalet på Øyri, medan folketalet i Borgund har gått ned (Øyri omfattar området frå og med Rikheim- Ljøsne t.o.m. Frønningen og Strendene).

Folketalesutvikling innan kommunen



Framskriving av folketalet i kommunen



Folketalet i kommunen er rekna til å gå ned med 1% i perioden 1998-2007 dersom same trend som har vore dei siste fem år held fram (tal basert på folketalesutviklinga i perioden 1993-97). Dersom trend til nedgang i folketalet held fram slik som for åra 1997-98 kan folketalesnedgangen bli endå større. Ser ein på figuren for folketal i 1998 er framskrivinga allereie vorte for positiv.

Dersom ein ser på folketalesutviklinga i Indre Sogn (1996-2006) ser det ut til å verte ei nedgang i folketalet også her, berekna til 1% (tal basert på 92-96). Dersom trenden i Indre Sogn er lik den som har vore i Lærdal dei to siste år kan nedgangen verte større. I fylket totalt sett er det framleis ei viss auke i folketalet (1%) (tal basert på 92-96). I høve folkesetnad er Indre Sogn soleis i ferd med å tape terreng sett i høve til eige fylke og landet elles.

Lærdal har ein noko høgre andel eldre enn fylkesgjennomsnittet. I 1997 var andel over 67 år 18,9% for Lærdal, medan fylkesgjennomsnittet var 15,5%. I aldersgruppa 0-15 år er folketalet nær snittet for fylket (21,8% mot 22,1%). For gruppa 16-66 har kommunen ein legre andel enn fylkesgjennomsnittet (59,3% mot 62,4%). Kommunen har soleis ein lågare andel av folkesetnaden i arbeidsfør alder enn snittet for fylket. Innan kommunen er det fleire eldre over 67 år, i høve til folketalet, i Borgund enn på Øvri (22% kontra 18%). Dette sjølv om aldersheimen ligg på Øvri.

Ei balansert kjønnsamansetjing er viktig for å hindre forgubbing. Dersom me ser på kvinneandelen i aldersgruppa 20-39 år er denne god i Lærdal (95 kvinner per 100 menn, mot 90 kvinner per 100 menn i fylket). Kvinneandel har likevel gått noko ned det siste 10-året. (Kjelde; Sogn og Fjordane Fylkeskommune, regionalavdelinga. Statistikkpakke 1998)

(Kjelde; Sogn og Fjordane Fylkeskommune, regionalavdelinga. Statistikkpakke 1998)
Fylkeskommunen har utarbeida ein eigen fylkesdelplan for ungdom (1998). I planen vert temaet ungdomsfråflytting og manglande tilbakeflytting etter fullført utdanning, kombinert med at stadig større del av ungdommen tek høgare utdanning teke opp som eit viktig tema. I planen er m.a. følgjande utfordringar til kommunane skissert:

- Grad av tilknytning til heimkommunen er avgjerande for om ungdom vel å bli verande/flytte tilbake. Ungdomsundersøkinga viser at kommunen er lite flink til å halde kontakt med dei unge når dei er under utdanning andre stadar.
- Kultur- og fritidstilbod er viktig
- Gode kollektivtilbod
- Aktiv medverknad frå ungdom

Ei problemstilling knytt til dette er om kommunen er/kan verte attraktiv for all ungdom. Ein lyt erkjenne at kommunen ikkje har, og kan heller ikkje få, same tilbod m.o.t. kultur- og fritid som i byane. Som rekruttering til kommunen kan truleg etablerte unge vere ei viktigare satsingsgruppe enn heilt nyutdanna ungdom sidan ein då vil leggje vekt på andre tilbod i kommunen (t.d. barnehagetilbod og trygge oppvekstmiljø).

2.2 Kommunal økonomi

I ein kommune finst det mange typar økonomiske plandokument i form av budsjett og ulike rapportar. Felles for desse dokumenta er at dei uttrykkjer i kroner noko om ressurstilgang og ressursbruk. Det som då vert viktig er at alle former for planlegging også omfattar dei økonomiske føresetnadene, slik at det kan gjerast ei vurdering ut frå dei totale økonomiske rammene. Regelen må vera at ingen planar er komplette før dei økonomiske konsekvensane er lagt fram. Dette prinsippet er også lagt til grunn i Kommunelova, der det står at kommuneplanlegging skal byggja på eit realistisk overslag over dei økonomiske og andre ressursar som til ei kvar tid er til rådvelde.

Inntektsgrunnlaget for kommunane er basert på 3 hovudinntektskjelder; skatteinntekter, overføringar (rammeoverføringar og øyremerka tilskot) og leige-/gebyrinntekter. Det som vert kalla dei frie inntekter, skatteinntekter og rammeoverføringar, utgjer for kommunesektoren ca. 70 prosent av sektoren sine samla inntekter. Kor stor vekst kommunane skal ha i dei frie inntektene er det Stortinget og Regjeringa som avgjer.

Inntektssystemet i kommunesektoren har som mål å setja alle kommunar og fylkeskommunar i stand til å gje eigne innbyggjarar likeverdige tenestetilbod. Dette gjer systemet ved å definere kvar kommune sine utgiftsbehov og dernest syte for at inntektene vert tildelt i samsvar med dei varierende behova. Ulike utgiftsbehov skuldast strukturelle forskjellar knytt til topografi, demografi og sosiale forhold.

Både for kommunane og fylkeskommunane ligg det gjennomsnittlege utgiftsbehovet på 1,0. Dei kommunar som ligg under 1,0 har ein struktur som gjer dei relativt "billege i drift", medan dei som ligg over 1,0 vert tilsvarande "dyre". Nesten alle kommunane i fylket ligg over 1,0. Lærdal ligg i utgiftsgruppe med behov 1,1-1,2.

Systemet for utrekning av rammeoverføringane er nyleg endra, (Rattsø). For Lærdal kommune medførte omlegginga reduserte overføringar, som inntil vidare er blitt kompensert gjennom ekstraordinære skjønnsmidlar. Kor lenge denne kompensasjonsordninga vil vare er usikkert.

Langtidsprognosen for dei statlege overføringane viser ein realvekst som er lågare enn auken i kommunane sine andre inntekter. Det som då vert sagt er at kommunane skal finne nye inntektskjelder, for eksempel gjennom særskild betaling for større deler av tenesteproduksjonen. For deler av tilbodet innanfor teknisk sektor er det no lovpålagt krav om full kostnadsdekking gjennom spesifiserte avgifter.

I St. prp. nr. 60, Om kommuneøkonomien 1999 m.m. går det fram at det meste av veksten i overføringane vil kome gjennom øyremerka løyvingar. Hovudpunkta er handlingsplan for eldre og handlingsplanar med helse som satsingsfelt. Vidare er det i proposisjonen skissert følgjande endringar av finansieringa av kommunesektoren:

* Skatt på alminneleg inntekt frå personlege skatteytarar bør vera hovuddelen av kommunesektoren sine skatteinntekter.

* Den kommunale selskapsskatten vert gjort statleg. Omsyn til lokal forankring, større stabilitet og påreknelegheit og meir rettferdig fordeling tilseier at den kommunale selskapskatten vert erstatta av skatt frå personar.

* Kommunal skatt på formue frå personlege skattytarar vert behalde. Det vert lagt opp til ein gradvis auke av kommuneskatten sin del av dei samla inntektene frå dagens nivå på 47% til opp mot 50%.

* Eigedomsskatten vert behalde som kommunal inntektskjelde.

Regjeringa har i statsbudsjettet gjeve ei delvis kompensasjon til dei kommunane som får eit vesentleg inntektsbortfall som følge av desse endringane.

Skatt på eige og inntekt

Skatt på eige og inntekt kan delast i 2 skattetypar, skatt frå forskotspliktige og skatt frå etterskotspliktige.

Når det gjeld utviklinga har desse skattane hatt følgjande utvikling dei siste åra:

	Etterskotspliktige	Forskotspliktige
1994	10,9 mill.	20,8 mill.
1995	10,2 mill.	20,5 mill.
1996	11,6 mill.	21,3 mill.
1997	13,4 mill.	22,2 mill.
1998	13,8 mill.	20,9 mill.

Av etterskotsskatten utgjør skatten frå kraftverka ein stor del. Frå inntektsåret 1997 tok den nye skattereforma for kraftverk til å gjelda. Framlegget om at den kommunale selskapsskatten skal vera statleg betyr då at kommunen vil mista overskotsskatten frå kraftverksskattlegginga. Derimot vil kommunen framleis behalde naturressursskatten, som i dag utgjør 1,0 øre/kwh.. I statsbudsjettet for 1999 er det vedteke å auke denne skatten med 0,1 øre/kwh for å kompensera noko av tapet av overskotsskatten.

Når det gjeld skatt frå dei forskotspliktige har staten dei siste åra styrt veksten her gjennom reduksjonar i det kommunale skatteøret. Utviklinga i det kommunale skatteøret har vore følgjande:

1994	1995	1996	1997	1998	1999
13,0	12,25	11,75	11,50	10,75	11,5

Trass reduksjonen i skatteøret viser tabellen ovanfor at kommunen stort sett har hatt auke i inntektene dei 2-3 siste år, bortsett frå i 1998. I 1998 gjekk skatten frå dei forskotspliktige ein god del ned.

Ei anna viktig inntektskjelde for kommunen er eigedomsskatten. Innbetalt eigedomsskatt dei siste åra har vore følgjande:

1994	8,5 mill.
1995	8,5 mill.
1996	8,7 mill.
1997	9,5 mill.
1998	10,5 mill

I Statsbudsjettet er eigedomsskatten beholden som kommunal inntektskjelde. Det som kan gjera denne skatten usikker er framlegget frå "Zimmerutvalet" om å endra den maksimale skattesatsen frå 0,7% til 0,3%.

Å skissere realistiske inntektstal for kommunen framover er ikkje lett. Ei viktig årsak til dette er at dei statlege rammevilkåra endrar seg raskt, nærmast frå eit år til eit anna.

2.3 Nye veg- og ferjesamband

Utetter på 1990- talet har det skjedd fleire endringar innan veg- og kommunikasjons-sambandet som er viktige for Lærdal, og for sambandet i fylket. I 1995 vart det nye ferjesambandet mellom Fodnes og Mannhedler opna. I samband med dette fekk kommunen vegutløysing til den tidlegare veglause grenda Strendene, i tillegg fekk me vegsamband til nabokommunen Årdal. Den rasfarlege riksvegen til Revsnes og ferjesambandet mellom Revsnes og Kaupanger vart samstundes lagt ned.

I 1992 vedtok Stortinget at stamvegen mellom Oslo og Bergen skulle gå gjennom Lærdal. Det vart i ettertid bestemt at det skulle gjennomførast ei konsekvensutgreiing (jfr. PBL) for tema miljø, naturressursar og samfunn for E16 mellom Lærdalsøyri og Borlaug. Tunnel og

tunnelpåhogg vart vedteke halde utanfor konsekvensutgreiinga. Utgreiinga skal vere eit grunnlag for val av vegalternativ og setje vilkår knytt til desse. Konsekvensutgreiinga vart godkjent i Miljøverndepartementet i 1997.

I 1995 vart trasè for tunell mellom Aurland og Lærdal på Lærdalssida vedteken lagt til Håbakken. Arbeidet med tunnelen er i full drift og etter planen skal tunnelen opne i år 2000. I arbeidet med Norsk veg- og vegtrafikkplan for 1998-2007 har Vegdirektoratet for strekninga Øyri til Borlaug tilrådd å gjere utbetringar i området Seltun- Voldum og Steinklepp- Borlaug. Det er utarbeida reguleringsplanar for strekninga Seltun- Voldum, men ikkje for Steinklepp- Borlaug. Trasèalternativ elles i dalen er ikkje bestemt. Når Lærdalstunnelen opnar vil ein få auka trafikk gjennom dalen. Kommunen vil òg få ei sentral plassering mellom aust og vest. Eit viktig satsingsområde vert å utnytte dette positivt for kommunen. I tillegg vil mykje av trafikken som i dag går over ferjesambandet Lærdal- Kaupanger- Gudvangen gå gjennom Lærdalstunnelen. Ferjetilbodet på strekninga vil bli redusert. Det vert ei utfordring for kommunen og fylkeskommunen å oppretthalde eit tilfredsstillande samferdselstilbod til Frønningen.

Ved fastsetjing av framtidig stamvegtrasè er det viktig å sikre og ivareta eksisterande busetnadsmønster og grendestruktur. Når det gjeld framtidig busetnadsutvikling vil byggeforbodsgrense knytt til stamvegen, og nye vegalternativ påverke lokaliseringa. Det vert ei utfordring å få til gode løysingar på dette. Det er elles viktig å oppretthalde gamle vegsløyfer der det vert etablert nye vegtrasèar. Dette som lokale tilkomstvegar, og for at turistar betre skal få oppleve dalen. Dette gjennom tilrettelegging av ei "grøn rute". Ein betra vegstandard vil elles vere positivt i høve pendling.

2.4 Regionalt samarbeid

Kommunane i Indre Sogn har sidan 1989 hatt eit regionalt politisk samarbeid. Samarbeidet vart formalisert i 1992 då Sogn Regionråd vart etablert. Ordførarane er dei formelle representantane i rådet. Rådmennene har møterett, men har og eit eige utval som m.a. gjev innspel til regionrådet. Regionrådet sitt arbeid er knytt til arbeidsoppgåver av felles interesse for kommunane. Dette omfattar mellom anna planarbeid, og felles uttalar til andre organisasjonar og politiske organ som t.d. fylkeskommunen og statlege styresmakter. Utfordringar som gjeld heile regionen er viktige arbeidsfelt.

Det er elles samarbeid på spesielle fagområde som til dømes Sogn Interkommunale Miljø- og Avfallsselskap (SIMAS), Indre Sogn Næringsmiddeltilsyn og Sogn Revisjonsdistrikt. Innan oppgåver knytt til forvaltning- og tenesteyting er det òg etablert samarbeid som til dømes arbeidsgjevarkontroll og kontroll etter alkohollova.

Med nabokommunar er det òg vorte auka samarbeid eit døme på dette er samarbeid om PPT-teneste. Ein kan forvente auka samarbeid med nabokommunane i tida framover, spesielt med Årdal og Aurland grunna dei nye vegsambanda, men og grunna økonomi. Aktuelle samarbeidsområde kan til dømes vere musikk-/kulturskule, vaksenopplæring, verna arbeidsplassar, vidaregåande skule, IT, legevakt/helsetilbod, brann/sikkerheit, reiseliv, idrett og kultur.

III. SATSINGSOMRÅDE I PLANEN

3.1 Næringsliv

Store og viktige aktører i Lærdal kommune sitt næringsliv er dei to store offentlege serviceverksemdene, Fylkessjukehuset i Lærdal og Opplysningssentralen for Telenor. Fylkessjukehuset har ca. 150 tilsette, og er lokalsjukehus for dei 7 kommunane i Midtre- og Indre Sogn. Opplysningssentralen har omlag 70 tilsette. Utviklinga på sjukehussektoren er prega av uvisse for dei mindre sjukehusa og alle signal tyder på at dei må gjennom ei omstilling. Opplysningssentralen er òg ei verksemd som må vere omstillingsdyktig, i og med at dei lever i eit konkurranseutsett miljø.

Kommunen er ei av dei største verksemdene med ca. 260 tilsette (heil og deltid). Den kommunale inntektsutviklinga er uvisst grunna utviklinga i overføringane frå staten, skattepolitikken, og renteutviklinga. Dette påverkar kommunen som tenesteproducent og som kjøpar av varer og tenester i lokalsamfunnet.

Lærdal er svært avhengig av dei offentlege arbeidsplassane. Med strukturrasjonalisering og effektivisering i offentlig sektor gjev dette ein større grad av sårbarheit for kommunen. Tradisjonell trygghet og stor offentlig sysselsetting kan òg ha gjeve lite rom for nytenking og etableringslyst hjå befolkninga i kommunen.

Jordbruket er òg ei viktig næringsgrein i kommunen. I tillegg til matproduksjon og verdiauke, tek landbruket vare på viktige verdiar ved å halde i hevd kulturlandskapet og oppretthalde busetjingsmønsteret. Ved jordbruksteljinga i 1989 var det 230 bruk med minst 5 da jordbruksareal eller 25 da skog i kommunen. Av desse søkte i -98 131 bruk om produksjonstillegg. Omlag 10 % av brukarane har garden som einaste inntektskjelde.

Landbruket er prega av to utviklingstrekk, i tillegg til bortfall av leigeinntekter frå laksefisket.

- * strukturrasjonalisering og inntektsnedgang
- * sterk tilbakegang innan grøntsektoren

Det må ei omstilling til, og ei utvikling mot nye produksjonar, i tillegg til dei tradisjonelle for å sikre framtida innan landbruket. Lærdal har vist at det er gode vilkår for tidlegproduksjon av grønsaker og poteter. Jordbær og bringebærproduksjon ligg det også godt til rette for. Nyare produksjonar som blåbær og moreller er òg under utprøving. Grunneigarar bør i sterkare grad ta i bruk alle ressursane på bruket. Døme er utleige av gardshus, fiskarhus og hytter. Det ligg vidare store ressursar i utmark og fjell som kan nyttast i utleige av jakt og fiske.

Turisme er ein viktig del av næringslivet i Lærdal. Det er til saman 22 verksemdar innan overnattingssektoren i kommunen. Tilbodet er variert frå større turisthotell til gardshusutleige. I 1997 vart Lærdal Reiselivslag slått saman med Aurland Reiselivslag. Dette har medført at kommunane no har ei felles marknadsføring og samarbeidar om ulike reiselivsprosjekt. Reiselivet i kommunen er i stor grad kulturbasert, gjennom attraksjonar som

Borgund stavkyrkje (bygd omlag 1150) og dei historiske vegane. I sentrum er den gamle jektehamna Løytnantsbryggja og Gamle Lærdalsøyri verna. Dei meir enn 160 trehusa og dei idylliske gatene mellom dei gjev rom for friluftsmarknader og livleg handel i turistsesongen. Eit nytt tilbod for reiselivet i bygda er Norsk Villakssenter som vart opna i 1996. Senteret inneheld naturfaglege og kulturhistoriske utstillingar der villaksen er sett i fokus.

Dei kulturbaserte attraksjonane må utviklast til ein reiselivsmarknad som i større grad har preg av rask gjennomfart. Nye tilbod må utviklast for å oppretthalde konkurransekrafta i denne marknaden. Oppretthalding av Gudvangaferja og av Snøvegen er infrastruktur på dette området. Ein må sikre status som nasjonal turistveg gjennom kommunen og ta stode til i kor stor grad reiselivsutviklinga kan/bør fremjast i Filefjellsområdet.

Kommunen har elles eit variert tilbod med omsyn til handel og tenesteyting. Svak befolkningsutvikling gjer likevel at det lokale marknadsgrunnlaget for desse næringane ikkje aukar. Dette gjer at det lokale forretningslivet må nytte moglegheitene som ligg i vårt omland. Dei nye kommunikasjonane gjer at næringslivet har eit større potensielt kundegrunnlag. Den geografiske nærleik til regionsenter er positiv, men Sogndal si vekstkraft som regional senter er avgrensa av "konkurrentar" som Førde, Voss, Fagernes, Gol, og etterkvart også av Bergen. Utvikling av eksisterande arrangement og skaping av nye på stemneplassen Stavarekkja og Gamle Lærdalsøyri vil ha stor næringsmessig effekt, etter at dei nye vegsambanda kjem på plass.

Det nye vegsambandet mellom Mannhedler og Fodnes har lagt grunnlaget for ein felles arbeids- og næringsmarknad mellom kommunar i Indre Sogn. I Lærdal merkar vi særleg den felles marknaden vi no har fått med kommunane Sogndal og Årdal. Når stamveg- tunnelen til Aurland opnar, vil også Aurland kommune verte ein del av denne arbeids- og næringsmarknaden.

På Tønjum er det som kjent under opparbeiding eit større næringsareal. Kommunen har erverva dette arealet og disponibelt næringsareal i området vert i overkant av 20 da. Det er såleis ikkje mangel på tomteareal til næringsetablering i kommunen. For kommunen vil det vera ei utfordring å få etablert næring og arbeidsplassar på ledig areal/bygningar. Kommunen har sett i gang eit prosjekt som har fått i oppdrag å marknadsføre og utvikle næringsområdet på Tønjum. Det er ei målsetjing at ein kan få etablert næringsverksemder i området, då særleg trafikkrelaterte verksemder.

Nærings- og konsesjonsavgiftsfondet gjer at kommunen har handlefridom i næringsarbeidet. Fondet vert i hovudsak nytta til lån og tilskot til nyetablering og til tiltak ved eksisterande verksemder.

3.2 Natur, miljøvern og arealbruk

Plangrunnlag

Plan- og bygningslova er det viktigaste styringsverktøyet for kommunen ved forvaltning av naturressursane. Men ei rekkje andre lover er òg sentrale som til dømes jordlova, skoglova,

kulturminnelova og friluftslova. I tillegg til lovverket er rikspolitiske retningslinjer (RPR) førande for arealplanlegginga. Døme på rikspolitiske retningslinjer er RPR for areal og transport og RPR for varig verna vassdrag. Ulike stortingsmeldingar er òg viktige.

Smedalsvassdraget og nedslagsfeltet ikring er varig verna mot vasskraftutbygging (verneplan 1973). I dei nasjonale måla for forvaltning av desse vassdraga er det ei målsetjing å unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilete, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø.

Fylkesplanen (1997-2000) skal vere med å legge grunnlaget for den kommunale planlegginga (sjå tidlegare omtale). Fylkesdelplan for friluftsliv (1995) og fylkesdelplan for arealbruk (under arbeid) er meir detaljerte og førande for arealplanlegginga.

Naturgjevne tilhøve

Lærdal kommune har eit totalareal på 1303 km². Store deler av dette er utmarksareal. Berre 12.104 dekar (1997) utgjer jordbruksareal i drift. Lærdalselvi renn gjennom store deler av landbruksarealet, elvi har vore og er sentral for jordbruket i dalen. I høve arealforvaltning er det nokre område som peikar seg ut som spesielt viktige i Lærdal dette er:

Kulturlandskap og kulturminne

I konsekvensutgreinga for stamvegen vert heile Lærdal vurdert som eit kulturlandskap av nasjonal verdi. Dette er grunngeve med kontinuiteten i driftsformer, eit variert og heilskapleg kulturlandskap i heile dalføret, samt dei særprega historiske kulturlandskapsområda. Kulturlandskapet inneheld òg eit rikt plante og dyreliv. At kulturlandskapa vert halde i hevd er viktig for å bevare verdien av desse. Ivaretaking av kulturlandskapet er òg viktig i høve reiselivsnæringa.

Kommunen er rik på kulturminne, og kommunen er godt dokumentert på dette området. Dette gjeld både automatisk freda kulturminne (før 1537) og kulturminne frå nyare tid. Mange av kulturminna er av nasjonal interesse med Borgund stavkyrkje som den viktigaste, i tillegg kjem og bygningsmiljø som t.d. gamle Lærdalsøyri og ulike freda bygningar. Kommunen er elles rik på eldre veganlegg. På nasjonalt nivå vert det arbeida med ein nasjonal verneplan for vegar og bruer. Det vert arbeida for at mellom anna Den Bergenske Hovudveg, Kongevegen og Vindhella skal kome med i denne planen.

Lærdalselvi

Lærdalselvi er kjent som ei av dei beste elvane i landet for laks- og sjøaufiske. I høve den atlantiske laksen har me eit internasjonalt forvaltningsansvar for denne arten. Lakse- og sjøaufestamma i Lærdalselvi er for tida definert som trua grunna smitte av *Gyrodactylus salaris*. Kommunen har i si planlegging eit spesielt ansvar for å sikre leveområda til villaksstamma. Lærdalselvi er elles eit viktig landskapselement i kommunen.

Lærdalselvi var frå gammalt av ei flaumelv. Det er opp gjennom tidene gjort omfattande tekniske tiltak for å sikre busetnad og landbruk. Store strekningar av elvi er difor vorte kanalisert, og mykje av den naturlege vegetasjonen ikring elvi er vekk. Det er viktig å ha ei

restriktiv haldning i høve forvaltning av dei attverande flaummarksområde og kantsoner kring vassdraget, men og forvaltninga generelt i høve til elvi.

Delar av nedslagsfeltet til Lærdalselvi er regulert. Vassdraget vart utbygd tidleg på 70-talet av Østfold fylkeskommune ved bygging av Borgund Kraftverk. I 1988 vart ei tilleggsutbygging ferdigstilt ved bygging av Stuvane Kraftverk.

Strandsona

Strandsona i kommunen er ca 5 mil. Store delar av strandsona i kommunen er vanskeleg tilgjengeleg fordi det berre er tilkomst med båt, er for bratt, eller at det er busetnad innafor. Noko er òg fylt ut grunna vegbygging eller fyllingar. Nytt vegsamband har ført til at Strendene, eit område med strandsona, er vorten lettare tilgjengeleg. Kommunen lyt ha ei bevisst haldning til arealbruken i strandsona.

Fjellområda og urørt natur

Viktigheita av å sikre restareal med urørt natur er sett i fokus dei seinare åra. Noko av grunnane til at ein ynskjer å ivareta slike område er omsynet til biologisk mangfald, sårbare artar (t.d. villrein) og friluftsliv. Lærdal har som tidlegare nemnt store fjell- og utmarksområde. Store delar av fjellområda er likevel påverka av tekniske inngrep som td. kraftutbygging, kraftliner og anleggsvegar. Gjennom Kommunedelplan for villrein (1998) har kommunen gjort eit bidrag i høve ivaretaking av leveområda for villreinen. At planen vert aktivt nytta og følgd opp er viktig.

3.3 Utbyggingsmønster og tettstadsutvikling

Plangrunnlag

I rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging er det gjeve retningsliner for korleis ein skal prøve å samordne/avgrense areal-, og transportbruken. I retningslinjene er det skissert at bustader og servicefunksjonar skal etablerast i grende-, bygde- og kommunesenter. Vidare bør ein ha tett bustadbygging i sentra tilpassa ulike aldersgrupper med vekt på unge og eldre sine behov. Når det gjeld utvikling av gode nærmiljø og buområde skal omsynet til rørslehemma og eldre vektleggjast (Stm. 50, 96-97). Vidare skal barn og unge sine interesser liggja til grunn ved all planlegging (jfr. R-2/92 Rikspolitiske retningsliner for å ivareta barn og unge sine interesser i planleggingen).

I ny Plan- og bygningslov (1995) er det sett krav om at estetiske omsyn skal sikrast i all kommunal verksemd. Estetiske omsyn lyt difor vektleggjast sterkare ved revidering av kommuneplanen.

Nosituasjon og utviklingstrekk

Det har skjedd ei auka sentralisering innan busetjingsmønster og tenestetilbod i kommunen dei seinare åra. Det er ei nedgang i folketalet i Borgund, og servicetilboda her har vorte reduserte (t.d. post og bensinstasjon). Dette har skjedd sjølv om kommunen har tilrettelagt bustadfelt i området, og det elles har vore satsa på spreidd bustadbygging og oppretthalding av kommunale tenestetilbod.

Når det gjeld bustadbygging utanom tettbygde strøk har kommunen hatt ein liberal praksis i samband med bustadbygging i landbruks- natur- og friluftsområde (LNF). I gjeldande kommuneplan er det utarbeida retningslinjer for spreidd utbygging i LNF- område.

Når det gjeld tettstadutbygging vert konfliktgraden av landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen vurdert til å vera stor i Lærdal. Dette sidan vidare utbygging av sentrum i hovudsak vil gå ut over dyrka mark. Frå nasjonalt hald vert det poengtert at omsynet til jordvern skal vektleggjast sterkare (Rundskriv T-2/98). Ein lyt difor definere kva som skal vere sentrum, og setje klare grenser mot landbruksareal som skal vernast mot utbygging. Generelt meiner landbruksavdelinga vidare at det bør stillast krav om fortetting innafor eksisterande byggjeområde før ein tek i bruk nye LNF- område til byggjeområde (jfr. og St. meld. nr. 29 Regional planlegging og arealpolitikk).

Arbeidet med sentrumsplanen har vore ei viktig oppgåve for kommunen dei siste åra. Bakgrunnen for arbeidet er at ynskjer å få ei miljømessig og fysisk opprustning av Lærdalsøyri sentrum. Dette vil auka trivselen både for bygdefolk og turistar. Den nye sentrumsplanen er no vedteken og skal gjennomførast i 1999 og 2000. Prosjektkostnaden er sett til 7,2 mill. kroner, og det er gjeve statsstønad på 2,7 mill. til tiltaket.

3.4 Kommunal tenesteyting

Kommunen har eit godt utbygd tenestetilbod i alle delar av kommunen. Det er barnehagetilbod, grunnskule, og fritidsordning i sentra på Borgund, Ljøsne og på Øyri. Når det gjeld barnehagetilbod er det full dekning, det òg skulefritidsordning i alle sentra. Alders- og sjukeheimen har bra kapasitet og det er enkeltrom til alle som bur der. Det er likevel behov for fleire omsorgsbustader, og det er vedteke å byggje seks nye bustader til dette føremålet.

Når det gjeld lokale for kommunale tenester har ein stort sett gode og tidsmessige lokale for dette, då med unntak av helsesenter. Til hausten skal nytt helsesenter vera ferdig og dette vil betra tilhøva både for tilsette og besøkande. Noko av den kommunale bygningsmassen er likevel gamal, og det er behov for renovering.

Generelt er det rimelege kommunale avgifter i kommunen. For nokre område som td. vatn, avløp og renovasjon er det likevel krav om full kostnadsdekking. Dette betyr at den totale kostnaden med tenesta skal dekkast inn, dette gjeld òg td. bygging/opprustning av anlegg.

For å gje eit betre servicetilbod for innbyggjarane er det gjort vedtak om å etablere ein felles servicesentral i rådhuset. Dei tilsette i servicesentralen skal kunne bistå og informere dei besøkande om ein del av dei mest nytta tilboda. Dei skal òg kunne henvise til aktuelle sakshandsamarar dersom det er behov for dette. Etablering av ein felles servicesentral, for å gje eit betre servicetilbod, er i samsvar med føremålet i ny kommunelov.

Kommunen driv elles informasjon gjennom tidsskriftet Helg og Kvardag. Bladet er eit kommunalt og kyrkjeleg informasjonsblad som kjem ut med 8 utgåver i året.

Sjå vedlegg for omtale av den enkelte etat.

IV. KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

5.1 Organisering

Politisk organisering

Kommunestyret vedtok i sak 71/95 ny politisk organisering av kommunen. Organiseringa vart justert i kommunestyresak 1/98. Kommunestyret vedtok vidare i sak 24/98 nytt delegasjonsreglement for kommunen. Kommunen si politiske organisering byggjer på hovudutvalsmodellen.

Kommunen har slik politisk organisering:

Kommunestyret

Kommunestyret er det øvste kommunale organ og gjer vedtak på vegne av kommunen dersom ikkje anna fylgjer av lov eller delegasjonsvedtak. Kommunestyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltning og kan krevje alle saker lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjere om vedtak i folkevalde organ eller administrasjon i same utstrekning som desse sjølv kunne gjere om vedtaket. Kommunestyret skal sjå til at det kommunale rekneskapet vert revidert på ein fullgod måte.

Formannskapet

Formannskapet behandlar framlegg til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak. Formannskapet er valstyre i kommunen. Vidare er formannskapet kommunen si kommuneplannemnd og skal ha ansvaret for det løpande kommuneplanarbeid etter kap.VI i plan- og bygningslova og tilrettelegg og førebur slike saker for kommunestyrebehandling. Formannskapet har vidare ansvaret for det overordna miljøvernarbeidet i kommunen og skal sjå til at miljøvernsidea vert ivareteke i all planlegging og drift av kommunen. Sektorplanar og reguleringsplanar som blir utarbeidd og behandla av hovudutvala, skal sendast formannskapet til behandling før kommunestyrebehandling . Formannskapet har vidare ansvaret for næringsplanlegging. Formannskapet har òg det politiske ansvaret for organisasjonsutviklinga i kommunen.

Administrasjonsutval I

Administrasjonsutval I er kommunen sitt partsamansette utval i alle personal- og lønssaker som ikkje gjeld undervisnings- personell. Administrasjonsutval I skal sjå til at likestillingslova vert etterlevd i den kommunale forvaltning.

Administrasjonsutval II

Administrasjonsutval II er kommunen sitt partsamansette utval i personal- og lønssaker for personell som går inn under kap III i grunnskulelova, jfr. §§ 27 nr. 1.2 punkt og 27 nr. 2. Administrasjonsutval II skal sjå til at likestillingslova vert etterlevd i den kommunale forvaltning.

Ungdomsråd

I 1998 vart det oppretta eit ungdomsråd i kommunen (k- sak 98/25). Føremålet med ungdomsrådet er å fremje ungdommane sine interesser og tale deira sak i kommunen. Ungdomsrådet kan ta opp eigne saker som vedkjem ungdommen, i tillegg kan dei gje uttale på saker som skal behandlast i kommunestyre, formannskap og hovudutval. Rådet består av fem medlemmar. Det er utarbeida eigne vedtekter for rådet.

Teknisk utval

Teknisk utval er kommunen sitt hovudutval i saker som omfattar regulerings- og byggjesaker, grunnerverv, feltutbygging, tomte- tildeling, ureining, trafikktryggleik, brannteneste. Vidare har utvalet ansvaret for drift og vedlikehald av kommunaltekniske anlegg og kommunale bygningar. Teknisk utval skal vere kommunen sitt faste utval for plansaker.

Nærings-, natur og kulturutvalet

Nærings-, natur og kulturutvalet er kommunen sitt hovudutval i saker som gjeld næring, landbruk, kultur, vilt, innlandsfiske, elvetiltakssaker, utnytting av utmarksressursar, og friluftsliv. Utvalet er vidare fondsstyre til kommunen sitt nærings- og konsesjonsavgiftsfond og styre for fondet for opphjelv av fiske.

Oppvekstutvalet

Oppvekstutvalet er kommunen sitt hovudutval i saker som gjeld undervisning og opplæring, barne- og ungdomsarbeid og barnehagetilbod i kommunen.

Helse- og omsorgsutvalet

Helse- og omsorgsutvalet er kommunen sitt fagutval i saker som gjeld helsetenester, institusjonspleie, heimesjukepleie/ heimehjelp, tiltak for funksjonshemma og psykisk hemma, sosialhjelp, barnevern og miljøretta helsevern. Utvalet er vidare kommunen sitt klientutval, jfr. Lov om sosiale tenester § 8 - 5 a.

Generelt

Utvala har vidare fullmakt til å disponere og omdisponere dei budsjettkapitla som høyrer inn under utvala sitt ansvarsområde. Utvala er vidare tillagt avgjerdsrett etter ei rekkje særlover.

Det er vidare oppretta fleire utval og nemnder i kommunen som tillagt ulike oppgåver.

Administrativ organisering

Kommunestyret vedtok i sak 1/98 ny administrativ organisasjonsplan for kommunen. Etter dette har kommunen følgjande administrative organisering:

- * Teknisk etat
- * Nærings- og kulturetat
- * Oppvekstetat
- * Helse- og omsorgsetat

Den administrative organiseringa i kommunen byggjer altså på etatsmodellen der kvar etat har sekretærfunksjonen for det einskilde utval og har same arbeids- og ansvarsområde som

utvalet. Når det gjeld arbeids- og ansvarsområde for den einskilde etat viser ein difor til ovannemnde oppstilling over hovudutvala sine arbeidsområde. Kvar etat vert leia av ein etatsjef. Sentraladministrasjonen har sekretærfunksjonen for formannskapet og administrasjonsutvala. Sentraladministrasjon har vidare ein generell støttefunksjon i høve til etatane innanfor ulike fagområder.

Ein viser elles til organisasjonskart som ligg som vedlegg.

5.2 Personalarbeid

Det overordna personalarbeidet i kommunen er lagt til sentraladministrasjonen. Det er oppretta administrative tilsetjingsutval som har fullmakt til å ta avgjerd i tilsetjingsaker, då med unntak av tilsetjing av etatsjefar og rådmann. Etatsjefar skal tilsetjast i administrasjonsutvalet, medan rådmann skal tilsetjast i kommunestyret. I desse tilsetjingsutvala sit rådmann, den aktuelle etatsjef og ein representant frå dei tillitsvalde. Det er utarbeidd eige tilsetjings- og arbeidsreglement i kommunen.

Kommunen har vidare eigen opplæringsplan.

Det er sett ned eit politisk forhandlingsutval som har fullmakt til å stå for og gjennomføre lokale løns- og tarifforhandlingar. Rådmannskontoret har sekretærfunksjonen til dette utvalet.

5.3 Helse-, miljø og tryggleik

Etatsjefane skal etter delegasjonsvedtak sjå til at forskrifter om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (HMS) av 6. desember 1996 vert følgt opp i etaten.

I dette ligg:

- * fastsetjing av mål for helse-, miljø og tryggleik
- * kartlegging av farar og problem
- * etablering av rutinar for å avdekkje, retta opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av HMS lovgjevinga
- * gje dei tilsette tilstrekkeleg kunnskapar og dugleik i det systematiske HMS- arbeidet
- * oppdatering av lover og forskrifter som gjeld innanfor HMS- arbeidet.

Kommunen er innmeldt i Indre Sogn bedriftshelseteneste. Dette gjeld dei tilsette som etter forskriftene skal vere innmeldt i slik ordning.

5.4 Beredskap

Kommunen kan bli råka av katastrofar, ulukker eller påkjenningar utover normalsituasjonar. Slike hendingar kan setje liv, helse, miljø og materielle verdiar i fare. Ved å førebu seg på slike hendingar, kan kommunen redusere konsekvensane betydeleg. Kommunen har utarbeidd og vedteke risiko- og sårbarheitsanalyse (1997) der slike moglege hendingar er kartlagde og vurderte og naudsynte tiltak er vurdert. Det er enno ikkje utarbeidd plan for

korleis analysen skal setjast ut i livet. Kommunen har elles utarbeida ein plan for kriseleing i kommunen.

5.5 Informasjonsteknologi

I fyrste del av perioden vil me måtte konsentrere oss om år 2000 problemet. Dette arbeidet krev modernisering av maskinvare og programvare samt omstilling for dei tilsette.

Vidare framover ynskjer Lærdal kommune å nytte informasjonsteknologi (it) som eit verktøy for å betre informasjonsflyten internt og eksternt, og nytta it til å effektivisere arbeidsprosessar og kvaliteten på arbeidet.

For å kunne utnytte ny teknologi er det viktig å vidareutvikle dei tilsette med kurs og internopplæring. Å få med seg dei tilsette i denne prosessen er ein viktig forutsetning for å lukkast med dette arbeidet. Å halde seg orientert om det som skjer innanfor bransjen er viktig slik at ein kan utnytte dei delane av ny teknologi som kjem oss til nytte.

V. MÅL- OG STRATEGIAR

Næringsliv

HOVUDMÅL: Fremja ei næringsutvikling som byggjer på det naturgevrne ressursgrunnlaget, det eksisterande næringslivet, og utvikling av nye heilårs arbeidsplassar. Det må satsast på ei miljøvenleg næringsutvikling, på høg kompetanse, samarbeid og nettverkstenking innafor kommunen og ut over kommunegrensene.

DELMÅL:

Offentlege verksemdar	Reiseliv/kultur	Landbruk	Stamveg	Handel- handverk- industri	Tenesteyting og kompetanse	Nyetablering
Leggje til rette for å oppretthalde, og auke tal arbeidsplassar.	Sikre vekst i reiselivet ved å auke tal gjestedøger, og ved at natur- og kulturtilbodet vert godt tilrettelagt.	Oppretthalde syssel- sejing gjennom eit miljøvenleg og tilpassingsdyktig landbruk.	Utvikle Lærdal til eit trafikknutepunkt mellom aust og vest.	Leggje til rette for å oppretthalde, helst auke sysselsejing og tilbod.	Leggje til rette for vekst i kommunen, - og i samarbeid med nabo- kommunar.	Leggje til rette for vekst, omstilling og nyetablering.

STRATEGI:

-Ha eit godt samarbeid med dei offentlege arbeidsplassane.	-Stø tiltak for å heve kvaliteten på reiselivsprodukt.	-Vidareutvikle produkt innan område der me har naturgevrne fordelar som t.d. husdyrhold, bær-, poteter -, og grønnsakproduksjon.	-Aktiv marknadsføring av kommunen.	-Ha god kontakt med verksemdene, felles arena for utvikling.	-Kompetanseutvikling i eigen kommune.	-Ha eit godt støtteapparat for nyetablerarar.
-Gjennomføre rekrutterings- og trivselstiltak.	-Sikre ei aktiv marknadsføring.		-Samarbeid med næringsliv, reiseliv og vegkontor for å få eit best mogeleg produkt.	-Gjennom rettleiing og tilskot bidra til at lokale verksemdar kan møte nye krav i marknaden.	-Kvalitetsheving/sikring.	-Bidra med kommunale tilskot til nyetablering.
-Utvikle strategiar for utsette arbeidsplassar.	-Utvikle opplevings- pakkar- grøn turisme.	-Stø tiltak for å sikre salg og omsetjing av landbruksprodukt.	-God tilrettelegging (skilting, avkøyring og rasteplassar) langs vegen.	-Styrkje Øyri som sentrum. Utvikle eit attraktivt sentrum som bidreg til å redusere handelstlekkasjen	-Utvikle Kvammegården og Gamlebanken til næringsformål.	-Ha tilrettelagt areal tilgjengeleg.
-Vera tidleg ute i samband med nyskaping av offentlege arbeids- plassar.	-Vidareutvikle tiltaka: Lærdalsmarknaden, grøn rute, tur- og sykkelvegar, dei gamle vegane, "Snøvegen", gamle Øyri, Villakssenteret,	-Gjennomføre tiltak for å auke kompetansen innan gardsturisme, kultur- landskap m.m.	-Etablere heilårsdrift i Håbakken. Utvikle eit variert næringsstilbod og trafikktilknytt verksemd.	-Stø tiltak for å bevare utkantbutikkane.	-Samarbeid med høgkompetansemiljø i regionen, og utfordre til å utvikle næring i Lærdal.	-Gjennomføre marknadsføringsiltak.
-Utarbeide "bli kjent" brosjyre/nettside.	Gjesmesamlinga, Gudvangafergja, og stavkyrkjemuseum.	-Utarbeide tiltak for å stø økologisk produksjon.	-Fastsetje vegtrasè, og arbeide for ei rask utbygging gjennom dalen (inkl. gang- og sykkelveg		-Leggje til rette for etablering av 15 nye arbeidsplassar innan fem år.	
-Vidareutvikle det regionale samarbeidet.	-Vidareutvikle det regionale samarbeidet.	-Stø tiltak for å stimulere til aktiv bruk av skog- og utmarksressursane.				

Natur, miljøvern og arealbruk

HOVUDMÅL: Sikre ei best mogeleg forvaltning av natur- og kulturlandskapet i kommunen. Natur- og kulturlandskapskvalitetar som er med å gjev Lærdal sitt særpreg må spesielt sikrast. Ein må vidare sikre at innbyggjarane har god tilgang til grøntområde i nærmiljøet, og elles har mulighet til å oppleve den særprega naturen som me har i kommunen.

DELMÅL:

Strandsone og elv	Nærmiljøområde	Fjellområda	Kulturlandskap og kulturminne	Miljøvern	Arealbruk
Ha ei best mogeleg forvaltning av strandsona og elv, og sikre friområde knytt til desse områda.	Ha grøntområde-/leikeplassar i nær tilknytning til buområda.	Ha ei best mogeleg forvaltning av fjellområda i kommunen.	Sikre kulturlandskap og kulturminne gjennom aktiv bruk.	Arbeide for å sikre miljøomsyn i planlegging og verksemd.	Ha ei bevisst haldning i høve forvaltning av areala i kommunen.

STRATEGI:

<p>-Oppretthalde og handheve byggefri 50- meter sone ved elvi. Vera restriktiv i 100- meter belte ved sjø.</p> <p>-Attverande flaummarksområde i tilknytning til elvi bør ivaretakast.</p> <p>-Arbeide for å sikre kantvegetasjonen kring elvi.</p> <p>-Attverande elvedelta i Hedler må sikrast.</p> <p>-Vera restriktiv til tekniske tiltak i og ved elvi, og positiv til restaurerings-tiltak.</p> <p>-Leggje til rette for samarbeid med grunneigarar om enkle tilretteleggingstiltak på elveforebygginga (tursti).</p>	<p>-Sikre grøntområde- og friareal i kommuneplanen.</p> <p>-Opparbeide og ta vare på nærmiljøanlegg, turløyper og friområde.</p> <p>-Omsynet til unge, eldre og rørslehemma skal spesielt vektleggjast.</p> <p>-Sikre trafiksikker tilkomst til naturprege areal i tilknytning til skular og barnehagar.</p>	<p>-Sikre områda med urt natur i kommunen.</p> <p>-Sikre god oppfølging av villreinplanen.</p> <p>-Sikre god tilgang td. opparbeiding av parkeringsplassar, brøyting, rydding, merking og skilting av turstiar, og utarbeide kart for viktige utfartsområde.</p> <p>-Sikra tilgangen til jakt og fiske for innbyggjarane i kommunen.</p>	<p>-Ta vare på særpreget, og synleggjere verdifulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø. Utarbeide kulturvernplan.</p> <p>-Motivere til å halde kulturlandskapet i hevd.</p> <p>-Vidareutvikle tilbodet av natur- og kulturstiar.</p> <p>-Aktiv bruk av registreringar som er gjorde på området. Gjere registreringane lett tilgjengelege.</p>	<p>-Gjennomføre haldningsskapande arbeid.</p> <p>-Informere og rettleie om ENØK- tiltak og inneklimateiltak.</p> <p>-Arbeide for ei miljøvenleg avfallshandtering gjennom god informasjon, betre sortering, og lokal kompostering.</p> <p>-Sikre plante- og dyrelivet ved planlegging og gjennomføring av tiltak.</p> <p>-Systematisere eksisterande kunnskap, og kartlegge prioriterte område i kommunen i høve biologisk mangfald.</p> <p>-Det skal gjennomførast tiltak knytt til Lokal Agenda 21.</p>	<p>-Bevisst styring av arealbruken i fjellet, strandsona og langs elvi.</p> <p>-Naturingrep skal i utgangspunktet samlast mest mogeleg</p> <p>-Ved fastsetjing av framtidig stamvegtrase skal omsynet til natur og miljø vektleggjast.</p> <p>Grunnlagsmateriale frå konsekvensutgreinga skal aktivt nyttast.</p> <p>-Sikre jordvernet ved planleggje av nye tiltak.</p>
---	--	--	---	---	--

Utbyggingsmønster/tettstadsutvikling

HOVUDMÅL: Oppretthalde busetnad, og tilretteleggje for å auke folketalet i kommunen. Arbeide for å ha ”levande grender” og eit livskraftig sentrum slik at ungdommen i bygda, unge etablerte som ynskjer å flytte attende til kommunen og oss andre kan trivast.

DELMÅL:

Planlegging	Øyri	Grendene	Bustadbygging	Hyttebygging/fritidshus
Avklare arealbruken i arealdelen i kommuneplassen, og bruke planen aktivt.	Vidareutvikle sentrum som ein triveleg stad å vere.	Vidareutvikle grendene som trivelege buområde slik at ein opprettheld busefjing.	Alltid ha byggjeklare tomter tilgjengeleg.	Ta omsyn til naturverv og friluftslivsinteresser ved lokalisering av nye hytteområde.

STRATEGI:

<p>-Sikre ei planlegging som spesielt ivaretek omsynet til unge, eldre og særleghemma.</p> <p>-Klare grenser mellom sentrum og LNF- områda ikring.</p> <p>-Sikra estetiske omsyn ved all planlegging. Definere kva som er god byggeskikk for Lærdal.</p> <p>-Ta vare på dei særprega kulturkvalitetane på Gamle- Lærdalsøyri.</p> <p>-Omsynet til eksisterande busetnadsmonster og grendestruktur må stå sentralt ved fastsetjing av framtidig stamvegtrasé.</p>	<p>-Følgje opp sentrumsplanen.</p> <p>-Sikre areal for framtidige sentrumsfunksjonar.</p> <p>-Bustadbygging/fortetting i sentrum (kartlegge potensiale).</p> <p>-Sikra god kontakt mellom gamle- og nye Øyri. Oppretthalde eit levande Gamle- Lærdalsøyri.</p> <p>-Null- konsesjon innanfor verneområdet på Gamle- Lærdalsøyri for å sikre busetnaden.</p> <p>-Utvikle møteplassar inne og ute.</p> <p>-Sikre park- og grøntområde.</p>	<p>-Streng handheving av bu- og driveplikta.</p> <p>-Leggje til rette for gode kommunikasjonar (skule- og pendlartruter).</p> <p>-Leggje til rette for treffstadar i grendene.</p> <p>-Sikra god kommunikasjon (båtrute) til Frønningen.</p> <p>-Utgjeie modellar for bufellesskap for eldre.</p>	<p>-Leggje til rette for spreidd bustadbygging i kommunen. Omfang og lokalisering vert å kartleggja i arealdelen.</p> <p>-Prioritere utbygging i område nær skule, barnehage, og butikk.</p> <p>-Nytt bustadfelt, -og lokalisering i Erdal eller på Tønjum vert å fastsetje i arealdel.</p> <p>-Leggje til rette for å utvide bustadfeltet i Saltkjelen.</p> <p>-Sikre trafikktrygge bumiljø.</p>	<p>-Anlegg/inngrep bør i utgangspunktet samlast mest mogeleg.</p> <p>-Sikre ei styrd utbygging av hytter/utleigehytter knytt til landbruksdrift.</p> <p>-Estetiske omsyn må sikrast ved hyttebygging. I stølsområde må omsynet til den gamle støls- grenda spesielt vektleggjast.</p> <p>-Avsetje areal for hyttebygging.</p>
--	---	---	---	---

Kommunal tenesteyting

HOVUDMÅL: Oppretthalde høg kvalitet, og sikre eit godt kommunalt tilbod i alle delar av kommunen. Sikre god informasjon og eit godt samarbeid med innbyggjarane, og lag- og organisasjonar i kommunen. Vurdere samarbeid med nabokommunar for å sikre brei kompetanse og betre tenester.

DELMÅL:

Sentraladministrasjon	Oppvekst	Helse- og omsorg	Næring -, natur og kultur	Teknisk	Kyrkje
Sikra ei god overordna administrativ styring og samordning.	Sikra gode oppvekstvilkår, og barnehage og skuletilbod.	Gje gode helse- og omsorgstilbod for innbyggjarane i kommunen.	Leggje til rette for god kvalitet og samordning på alt nærings-, natur- og kulturarbeid.	Sikre eit funksjonelt teknisk tenestetilbod for innbyggjarar og verksemdar.	Leggje til rette for gode kår for kyrkje, kristelege organisasjonar, og medlemmer av andre trussamfunn.
STRATEGI:					
-Aktiv bruk av etatsleiargruppa.	Oppretthalde dagens skulestruktur.	-Sikra eit godt samarbeid mellom 1. og 2. linetenesene. Vidareutvikle eit regionalt samarbeid.	-Sikra god rettleiing og hjelp til utvikling av eksisterande og ny næring.	-Sikre ei effektiv og miljømessig forsvarleg avfallshandsaming i samarbeid med SIMAS.	-Sikre eit godt samarbeid mellom kyrkja og kommunen.
-Prioritera eit godt personalarbeid i kommunen.	-Oppretthalde full barnehagedekning.	-Sikra god brukarmedverknad og samarbeid med lag- og organisasjonar.	-Stimulere til eit aktivt miljø innan song, musikk, dans og bildande kunst, og oppretthalde eit allsidig idrettsstilbod i kommunen.	-Sikra tilgang og kvalitet for vatn og avløp.	-Sikre forsvarleg vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar.
-Leggje til rette for god økonomisk styring i kommunen.	-Halde oppe tilbod om skulefritidsordning i alle delar av bygdane.				
-Leggje til rette for god overordna planlegging i kommunen.	-Sikre ei meir aktiv bruk av skulane på kveldstid.	-Få til samarbeid mellom dei ulike deltenesene.	-Gje lag- og organisasjonar gode rammevilkår, og stimulere til samarbeid om fellesoppåver.	-Sikre at kommunale park-/fritidsområde vert halde godt ved like.	
-Sikra god informasjon og innsegn til innbyggjarane ved å vidareføre Helg og Kvardag, vidareutvikle IT som informasjonskanal og opprette servicesentral .	-Gjere biblioteka til ein møteplass for ungdom.	-Leggje til rette for eit godt føreberegjande arbeid.	-Leggje til rette for gode tilbod på kulturhuset.	-Arbeide for eit godt vedlikehald, og sikre og trafikktrygge vegar.	
-Det skal takast kontakt med nabokommunar for å drøfte moglege arbeidsområde det kan samarbeidast om.	-Sikre gode pendlartilhøve for elevar og studentar	-Vurdere betre løysingar i høve lovpålagt sakshandsaming knytt til miljøretta helsevern.		-Sikra ei effektiv drift og godt vedlikehald av kommunale bygningar.	
-Det skal takast miljøomsyn ved all kommunal planlegging og verksemd.			-Vidareutvikle venskaps-samarbeidet med Jeriko.	-Sikre forsvarlege brann- og beredskapsordningar.	
-Omsynet til miljø skal vektleggjast ved kommunal rettleiing og vere eit kriterium ved tildeling av økonomiske midlar.					

Kommunen som organisasjon

HOVUDMÅL: Ha ei god og effektiv organisering av kommunen på alle nivå. Vidareutvikle samarbeidet med nabokommunane på område der dette er tenleg.

DELMÅL:

Politisk org.

Administrativ org.

Personalarbeid

Helse- miljø og tryggleik

Beredskap

Informasjonsteknologi

Sikre ei politisk organisering som gjev gode arbeidstilhøve og høve til medverknad.	Ha ei administrativ organisering som gjev gode arbeidstilhøve, og som kan utføra oppgåver på ein effektiv måte.	Sikre eit godt og utviklande arbeidsmiljø.	Sikre helse- miljø- og tryggleik, og innarbeide kvalitetsstyringsrutinar for dette.	Førebyggjande arbeid skal prioriterast. Sikre god beredskap dersom akutte krisesituasjonar skulle oppstå.	Leggje til rette for eit oppdatert it- verkøy, og kunnskap til å kunne bruke dette.
---	---	--	---	---	---

STRATEGI:

-Vidareutvikle noverande politiske organisering.	-Vidareutvikle noverande administrative organisering.	-Sikre vidareutdanning/ kompetanse. Rullere opplæringsplanen årleg.	-Vidareføre og følgje opp intermkontroll og kvalitetsarbeid.	-Gje informasjon til innbyggjarane om beredskaps- og sikringstilhøve som finst.	-Sikre god opplæring av dei tilsette.
-Sikre arbeidsvilkår som gjev ei breiast mogleg rekruttering og deltaking i politikken.	-Arbeide for å få meir tverretatleg tenking og samarbeid.	-Leggje til rette for jobbrotasjon og hospitering.	-Utarbeide klare ansvarsliner og system for kommunikasjon til brukarane.	-Sikre at plan for kriseleiing i kommunen er oppdatert og kjent.	-Sikre opplæring av folkvalde som ynskjer å nytte data ved innhenting av saksdokument.
-Sikre god skulering av folkvalde. Debattrening skal vere ein del av opplæringa.	-Betra tilgjenge og informasjon for innbyggjarar ved å opprette felles servicesentral.	-Leggje til rette for å sikra høg kompetanse , og sikra god rekruttering til kommunen.	-Sikre gode rutinar for bedriftshelseteneste og verneombudsarbeid.	-Sikre oppfølging, og revidering av plan for risiko og sårbarheitsanalyse.	-Vidareutvikle kommunal informasjon på internett.
-Sikre at politikarane har høve til å setje dagsorden. Sikre gode avgjerdsprosessar	-Vurdere prosjektorganisering og åremålsstillingar.	-Sikre likestilling mellom kjønn, og mellom yrkesgrupper som kan samanliknast.			
-Utarbeide strategiar for å sikre heilheitstenkinga.	-Styrka kontrollarbeidet og utvikle forvaltningsrevisjon.	-Ryddige tilsetjingsforhold og klargjorde arbeidsvilkår.			

Kommunal økonomi

HOVUDMÅL: Sikre ein kommunal økonomi som ivaretek tenestenivå og kvalitet på kommunale tenester, og som gjev handlefridom i kommunal verksemd.

DELMÅL:

Kostnadseffektiv drift	Inntekter/gjeld	Avgifter/betalingsattsar	Fond
Kvalitets sikre ressursbruken gjennom god planlegging og styring.	Kommunen sine langsiktige inntekter og gjeldsnivå må haldast på eit nivå som sikrar god drift og nødvendig vedlikehald.	Kommunale avgifter og betalingsattsar skal i utgangspunktet gjenspegle dei reelle kostnadane. Det skal likevel vere brukartilpassing og sosial profil på kostnadsnivå på ein del område.	Sikra ei effektiv bruk av eksisterande nærings- og konsesjonsavgiftsfond. Opprette eit eige fond for å jamne ut svingingar i økonomi mellom år, og til å møte større investeringar.

STRATEGI:

-Gode rutinar for budsjettering og inntekts- og kostnadskontroll.	-Arbeide for å behalda kommunen sine kraftedinntekter på dagens nivå.	-Reelle kostnader må gjennom organisering og effektiv drift vera lågast mogeleg.	-Aktiv bruk av nærings- og konsesjonsavgiftsfondet i næringsutviklingsarbeid.
-Finans- og likviditetsstyring skal prioriterast.	-Arbeide for full statleg kostnadsdekking ved nye reformer.	-Vatn, avløp og renovasjon skal drivast ved hjelp av sjølvkost.	-Bidra til at etablerte og nye næringar får muligheit til vokster og utvikling.
-Arbeide for å auka energioptimeringa i kommunal drift.	-Utvikle lånestrategiar som reduserar svingingar i kapitalutgifter.		
-Arbeide vidare for å auka effektivisering av administrasjon og drift.			
-Inngå avtalar om kommunale innkjøp som ivaretek miljø, pris og lokalt næringsliv.			